

*Estrellita Rauan*

**Undersøking om  
foreldrebetaling i barnehagar,  
januar 2005**

# Notater

## **Innhald**

<b>1. Samandrag .....</b>	<b>2</b>
<b>2. Generelt om undersøkinga .....</b>	<b>3</b>
<b>3. Om tabellane .....</b>	<b>4</b>
<b>4. Definisjonar.....</b>	<b>5</b>
<b>5. Spesielle merknader.....</b>	<b>5</b>
<b>6. Kommentarar til takstane for kommunale barnehagar .....</b>	<b>6</b>
6.1 Månadssatsane på landsbasis .....	6
6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner .....	6
6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner .....	7
6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner .....	7
6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar .....	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis.....	8
6.7 Årsbetaling på regionsnivå.....	9
6.8 Betalingssystem .....	9
6.9 Rabatt/friplace .....	10
6.10 Syskenmoderasjon .....	10
6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt .....	10
6.12 Mat-/kostpengar .....	10
6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	10
<b>7. Kommentarar til takstane for private barnehagar.....</b>	<b>11</b>
<b>Vedlegg</b>	
Tabellar .....	13
<b>De sist utgitte publikasjonene i serien Notater .....</b>	<b>44</b>

## 1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar i kommunale barnehagar per januar 2005 har auka jamført med august 2004. For hushald med ei brutto årsinntekt på 250 000 kroner kostar ein heildagsplass i barnehage i snitt i overkant av **2 350** kroner. Foreldrebetalinga for inntektsnivå 375 000 ligg på i underkant av **2 700** kroner, medan satsane for inntektsnivå 500 000 kroner er i underkant av **2 750** kroner i snitt. Dette tilsvrar ein oppgang på mellom 1,2 og 1,3 prosent frå august 2004 for alle inntektsnivåa. I forhold til satsane i januar 2004 ligg foreldrebetalinga for dei tre inntektsnivåa mellom **0,1** og **2,2** prosent lågare i januar 2005. Den gjennomsnittlege minimumssatsen for heile landet er i overkant av **1 500** kroner, medan maksimumssatsen er i underkant av **2 750** kroner. Minimums- og maksimumssatsane er dei lågaste/høgaste satsane kommunane har spesifisert i sitt betalingssystem, og er i denne undersøkinga ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette varierer frå kommune til kommune.

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner varierer betalinga frå i overkant av **1 500** kroner i Rogaland til **2 750** kroner i Hordaland og Møre og Romsdal. For inntektsnivået 500 000 kroner har Finnmark den lågaste satsen med **2 650** kroner medan Rogaland her har den høgaste med omkring **2 900** kroner. Variasjonen mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er, noko som heng saman med kommunane sitt betalingssystem.

Foreldrebetalinga i private barnehagar på landsbasis er i snitt i underkant av **2 650** kroner per januar 2005. Jamført med januar 2004 har betalingssatsane gått ned med **7,0** prosent.

## **2. Generelt om undersøkinga**

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familidepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalingsa for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Datainnsamlinga vart gjennomført i januar 2005 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i april 2005.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per januar 2005:

- dokumentasjon over betalingssatsar og reglar,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

I dokumentasjonen finn SSB betalingssatsar for barn over 3 år med heildagsplass i kommunal barnehage for hushald med dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000, i tillegg til minimumssatsar og maksimumssatsar. Dei ulike inntektsnivåa representerer punktobservasjonar ikkje intervalla.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som vart trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer om lag ein fjerde del av kommunane i landet og omfattar nesten to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet for barn mellom 3 og 5 år.

Kommunane i landet er delt inn etter bestemte kriteria. Første kriterium er fylke, kor det er trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). I tillegg er det lagt vekt på å sikra ein representasjon av både by- og landkommunar.

Utvælet av private barnehagar består av i overkant av 170 barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei private barnehagane vart bedne om å gje følgjande opplysningar for januar 2005:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt.

### **3. Om tabellane**

Dei seks første tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 7 omfattar private barnehagar. I denne undersøkinga er gjennomsnittssatsane for januar 2005 og tilbake til januar 2002 vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. I utrekningar av gjennomsnitt som er gjorde blir også null inkludert som pris.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomensten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år, talet på betalingsmånader og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneholder gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for januar 2004 og 2005, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneholder gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for januar 2004 og 2005, og prosentvis endring i årsbetalinga.

Tabell 2c Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for august 2004 og januar 2005, og prosentvis endring.

Tabell 3 gir ei oversikt over satsar og betalingsvilkår i januar 2005 for utvalskommunane innan kvart fylke, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det rekna ut gjennomsnittlege januarsatsar og årsbetaling i fylket. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at januarvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt. Tabellen viser gjennomsnittleg årsbetaling for hushald med dei tre inntektsnivåa i tillegg til minimums- og maksimumssatsar både for eit og to barn i barnehage.

Tabell 5 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1998-2005. Tabellen viser utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1998 til januar 2005.

Tabell 6 Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 1998-2005. Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i førekomensten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år og kostpengar.

Tabell 7 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for januar 2004 og januar 2005, samt prosentvis endring i satsane.

## **4. Definisjonar**

Heildagsopphald: er den opphaldstida som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald, som i all hovudsak er 41 timer per vike eller meir.

Inntektsgradering er dei satsane som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette kan også omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehaganes ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats: er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

## **5. Spesielle merknader**

Rapporten gir prisar og føresetnader hovudsakeleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane representerer punktobbservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta, ikkje intervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsettjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogeleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogeleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er vanskelig, men mindre vanskelig dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august, og vedtak frå Stortinget. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følgje av nye opplysningar. I tillegg er gjennomsnittssatsane for januar 2005 og tilbake til januar 2002 vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare. Legg særleg merke til at satsane i tabell 7 for januar 2005 avviker noko frå det som vart publisert i januar 2004 fordi tidlegare også inneheldt nokre korttidsbarnehagar som no er tekne ut av utvalet.

## 6. Kommentarar til takstane for kommunale barnehagar

### 6.1 Månadssatsane på landsbasis


Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane for januar 2005, for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis respektive **2 358**, **2 693** og **2 743** kroner. Satsane for dei same inntektsnivåa er dermed **1,2** prosent, **1,3** prosent og **1,3** prosent høgare i januar 2005 enn i august 2004. Minimumssatsen utan kost er i snitt **1 516** kroner i januar 2005, medan maksimumssatsen er **2 743** kroner i same periode. Betalingssatsane omtalt her er vekta gjennomsnitt, det gjeld satsane per januar 2005 og tilbake til januar 2002. Vektgrunnlaget består av talet på barn mellom 3 og 5 år med heildagsplass i kommunal barnehage.

### 6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

Høgaste betalingssatsar finn ein i Møre og Romsdal og Hordaland med **2 750** kroner. Høg betalingssats for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med foreldrebetalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige betalingssatsar. Lågaste betalingssatsar har Rogaland med **1 516** kroner og Aust-Agder med **1 565** kroner.

Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.

Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2005.




### **6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner**

Høgaste betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner liggjer nærmare **2 750** for dei fleste fylka. Medan dei lågaste betalingssatsane har Rogaland med **2 375** kroner og Sogn og Fjordane med **2 464** kroner.

*Figur 2. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.*


*Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2005.*



### **6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner**

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den høgaste betalingssatsen registrert i Rogaland med **2 898** kroner. Den lågaste betalingssatsen har Finnmark med **2 650** kroner.

*Figur 3. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 500 000 kroner. Januar 2005.*



## **6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar**

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er dei lågaste og høgaste gjennomsnittssatsane for dei ulike fylka. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Rogaland og Oslo med høvesvis **705** og **750** kroner. Møre og Romsdal har den høgaste minimumssatsen med **2 750** kroner. Den lågaste maksimumssatsen har Finnmark med **2 650** kroner. Høgast maksimumssats har Rogaland med **2 898** kroner. For mange av kommunane er maksimumssatsane dei same som satsane for hushald med årsinntekt på 500 000 kroner da dei fleste kommunane i utvalet som nyttar eit inntektsgradert betalingssystem ikkje har intervall over 500 000 kroner. Minimumssatsane skil seg i større grad frå den lågaste punktobervasjoner på 250 000 kroner ettersom mange kommunar nyttar inntektsgradering med lågare intervall enn 250 000 kroner.

## **6.6 Årsbetaling på landsbasis**

Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og talet på betalingsmånader. Årsbetalinga for to barn er i tillegg avhengig av storleiken på ein eventuell syskenmoderasjon. Med brutto årsinntekt på 250 000 er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **26 667** i januar 2005, ein auke på 0,1 prosent frå januar 2004. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **30 317** og **30 844** kroner. I forhold til same inntektsnivå er årsbetalinga høvesvis **1,3** og **2,2** prosent lågare i januar 2005 enn i januar 2004.

For tilsvarande bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **45 049**, **51 156** og **52 052** kroner. For eit inntektsnivå på 250 000 kroner er årsbetalinga **0,5** prosent høgare i januar 2005 enn i januar 2004. For hushald med eit inntektsnivå på 375 000 er satsane uendra, medan for hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er årsbetalinga **0,6** prosent lågare i januar 2005 enn i januar 2004. Årsbetalinga for hushald med to barn i barnehage har dermed auka meir, eller gått mindre ned enn


årsbetalinga for hushald med eit barn i barnehage. Dette kan forklarast med ein reduksjon i syskenmoderasjonen i perioden.

## 6.7 Årsbetaling på regionsnivå

For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner har Agder/Rogaland den lågaste årsbetalinga med **17 798** kroner for eit barn og **30 293** kroner for to barn i barnehage. Høgaste årsbetaling for hushald med same årsinntekt og eit barn i barnehage har Trøndelag og Nord-Noreg, kor årsbetalinga er **30 431** og **30 367** kroner. For hushald med to barn i barnehage har Trøndelag og Vestlandet høgast årsbetaling med **51 711** og **51 164** kroner. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **30 431** kroner i Trøndelag og **31 133** kroner på Austlandet for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **50 080** kroner i Nord-Noreg og **52 635** kroner på Austlandet.

Den lågaste minimumssatsen har Agder/Rogaland med **10 578** kroner for eit barn i barnehage på årsbasis, og **18 043** kroner for to barn. Nord-Noreg har den høgaste minimumssatsen med eit barn i barnehage på **30 367** kroner, medan Trøndelag har den høgaste minimumssatsen med to barn i barnehage på **51 030** kroner.

*Figur 4. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt, og minimums- og maksimumssatsar. Januar 2005.*



## 6.8 Betalingssystem

75 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil seie at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane har inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Ettersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldbetaling. Friplass og redusert foreldrebetaling som blir tilbudd hushald med lav inntekt gjennom barnehagens ordinære betalingssystem er i denne undersøkinga også definert som inntektsgradert betalingssystem. Ordingar med redusert foreldrebetaling eller friplass gjennom andre organ fell utanfor definisjon.

## **6.9 Rabatt/fripllass**

94 av kommunane i utvalet tilbyr fripllassar, økonomisk hjelp eller rabatt. Dette tilsvarer om lag 86 prosent av utvalet. I underkant av 27 prosent av desse kommunane tilbyr fripllassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. Om lag 19 prosent av kommunane tildeler fripllass etter separat behandling ved det organ som har opptaksfullmakt. Rundt 66 prosent av kommunane tilbyr fripllass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor. (Summen av prosentpoenga går over 100 fordi nokre kommunar tilbyr fripllassar etter fleire av behandlingsmåtane.) Dei resterande 15 kommunane har inga rabattordningar.

## **6.10 Syskenmoderasjon**

Alle kommunane i utvalet gir syskenmoderasjon. Det er 20 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer to, medan det i januar 2004 var 43. Det er ingen kommunar som tilbyr over 50 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

## **6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt**

I utvalet er det 107 kommunar som har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. Stavanger kommune har 10 betalingar i året og Høyanger kommune har 12 betalingar i året.

## **6.12 Mat-/kostpengar**

32 av 109 kommunar krev ikkje inn mat-/kostpengar separat. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.

## **6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år**


5 kommunar i utvalet har høgare betalingssats for barn under 3 år, medan i januar 2004 var det tilsvarande talet 15 kommunar.

## 7. Kommentarar til takstane for private barnehagar

For januar 2004 og januar 2005 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn mellom 3 og 5 år i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

Den gjennomsnittlege månadssatsen i private barnehagar på landsbasis er **2 637** kroner per januar 2005. Dette er ein nedgang på heile **7,0** prosent frå januar 2004. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå **2 562** kroner i Trøndelag til **2 727** kroner i Agder/Rogaland.

*Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. Januar 2004 og januar 2005<sup>1</sup>.*




For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar for januar 2005 mellom **29 570** kroner på Vestlandet og **31 567** kroner i Agder/Rogaland. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet er **30 417** kroner i januar 2005, som er ein nedgang på 7,1 prosent frå januar 2004.

For hushald med to barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **50 946** kroner i Nord-Noreg og **53 820** kroner i Agder/Rogaland. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **52 322** kroner, ein nedgang på **10,5** prosent frå same tid i fjor.

<sup>1</sup> Satsane som gjeld for januar 2004 er basert på utvalet for januar 2005.

*Figur 6. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2005.*



For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Agder/Rogaland og på Austlandet respektive **43,6** og **15,3** prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar. Årsaka til dei store skilnadene mellom satsane i private og kommunale barnehagar for ein hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er mellom anna meir utbreidd bruk av inntektsgraderte betalingssystem i kommunale barnehagar enn i private. Også for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 er det størst skilnad mellom satsane i kommunale og private barnehagar i Agder/Rogaland. For hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner er skilnaden mellom satsane i private og kommunale barnehagar mindre.

## Vedlegg

**Tabell 1** Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	med i undersøkinga	Talet på kommunar i fylket					
		med inntekts- graderte månads- satsar	med egne satsar for barn under 3 år	med flate månads- satsar	med sysken- modera- sjon	som bruker kost- pengar	med 11 betalings- månader
Østfold	6	1	0	5	6	6	6
Akershus	6	6	0	0	6	5	6
Oslo	1	1	0	0	1	0	1
Hedmark	6	0	0	6	6	5	6
Oppland	6	0	1	6	6	5	6
Buskerud	6	2	0	4	6	4	6
Vestfold	6	3	0	3	6	4	6
Telemark	6	4	2	2	6	5	6
Aust-Agder	6	3	0	3	6	4	6
Vest-Agder	6	6	0	0	6	5	6
Rogaland	6	3	0	3	6	3	5
Hordaland	6	2	0	4	6	1	6
Sogn og Fjordane	6	1	0	5	6	4	5
Møre og Romsdal	6	0	0	6	6	3	6
Sør-Trøndelag	6	1	0	5	6	5	6
Nord-Trøndelag	6	0	0	6	6	5	6
Nordland	6	0	0	6	6	4	6
Troms	6	0	1	6	6	4	6
Finnmark	6	1	1	5	6	5	6
I alt	109	34	5	75	109	77	107
I alt i prosent		31,2	4,6	68,8	100,0	70,6	98,2

**Tabell 2 a Gjennomsnittlige månadssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kost					
	Bruttoinntekt kr.					
	Min	250000	375000	500000	Maks	
<b>Østfold</b>						
jan.04	1995	2687	2765	2765	2765	
jan.05	1996	2527	2750	2750	2750	
Pst. endring	0,1	-5,9	-0,6	-0,6	-0,6	
<b>Akershus</b>						
jan.04	805	2415	2753	2869	2869	
jan.05	828	2406	2674	2750	2750	
Pst. endring	2,8	-0,4	-2,9	-4,1	-4,1	
<b>Oslo</b>						
jan.04	620	1860	2790	2790	3100	
jan.05	750	2000	2750	2750	2750	
Pst. endring	21,0	7,5	-1,4	-1,4	-11,3	
<b>Hedmark</b>						
jan.04	2323	2592	2592	2592	2592	
jan.05	2442	2734	2734	2734	2734	
Pst. endring	5,1	5,5	5,5	5,5	5,5	
<b>Oppland</b>						
jan.04	2676	2676	2676	2676	2676	
jan.05	2745	2745	2745	2745	2745	
Pst. endring	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6	
<b>Buskerud</b>						
jan.04	1100	1970	2710	3031	3437	
jan.05	1246	2274	2750	2750	2750	
Pst. endring	13,3	15,4	1,5	-9,3	-20,0	
<b>Vestfold</b>						
jan.04	1049	1953	2552	2759	2759	
jan.05	972	1913	2723	2750	2750	
Pst. endring	-7,3	-2,0	6,7	-0,3	-0,3	

**Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>					
jan.04	790	1887	2251	2510	2510
jan.05	920	2256	2729	2738	2738
Pst. endring	16,4	19,6	21,2	9,1	9,1
<b>Aust-Agder</b>					
jan.04	1176	1701	2616	2616	2659
jan.05	1108	1565	2742	2742	2742
Pst. endring	-5,8	-8,0	4,8	4,8	3,1
<b>Vest-Agder</b>					
jan.04	1454	1867	2643	2657	2697
jan.05	1565	1981	2748	2750	2750
Pst. endring	7,6	6,1	4,0	3,5	1,9
<b>Rogaland</b>					
jan.04	675	1931	2691	2919	3123
jan.05	705	1516	2375	2898	2898
Pst. endring	4,4	-21,5	-11,7	-0,7	-7,2
<b>Hordaland</b>					
jan.04	1171	3076	3076	3076	3076
jan.05	959	2750	2750	2750	2750
Pst. endring	-18,1	-10,6	-10,6	-10,6	-10,6
<b>Sogn og Fjordane</b>					
jan.04	1668	2518	2518	2730	2730
jan.05	1635	2464	2464	2676	2676
Pst. endring	-2,0	-2,1	-2,1	-2,0	-2,0
<b>Møre og Romsdal</b>					
jan.04	2735	2735	2735	2735	2735
jan.05	2750	2750	2750	2750	2750
Pst. endring	0,6	0,6	0,6	0,6	0,6

**Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>					
jan.04	3039	3085	3102	3102	3102
jan.05	2683	2732	2732	2732	2732
Pst. endring	-11,7	-11,4	-11,9	-11,9	-11,9
<b>Nord-Trøndelag</b>					
jan.04	2612	2612	2612	2612	2612
jan.05	2719	2719	2719	2719	2719
Pst. endring	4,1	4,1	4,1	4,1	4,1
<b>Nordland</b>					
jan.04	2511	2511	2511	2511	2511
jan.05	2685	2685	2685	2685	2685
Pst. endring	6,9	6,9	6,9	6,9	6,9
<b>Troms</b>					
jan.04	2597	2597	2597	2597	2597
jan.05	2654	2654	2654	2654	2654
Pst. endring	2,2	2,2	2,2	2,2	2,2
<b>Finnmark</b>					
jan.04	2063	2280	2676	2821	3253
jan.05	2615	2615	2650	2650	2650
Pst. endring	26,7	14,7	-1,0	-6,0	-18,5
<b>Heile landet totalt</b>					
jan.04	1480	2360	2731	2805	2903
jan.05	1516	2358	2693	2743	2743
Pst. endring	2,5	-0,1	-1,4	-2,2	-5,5

**Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

		Årsbetaling, inkludert kostpengar									
Fylke		Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
		Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>											
jan.04	23054	30666	31533	31533	31533	37667	49847	51234	51234	51234	
jan.05	24723	30564	33014	33014	33014	42858	52789	56954	56954	56954	
Pst. endring	7,2	-0,3	4,7	4,7	4,7	13,8	5,9	11,2	11,2	11,2	
<b>Akershus</b>											
jan.04	9760	27509	31255	32566	32566	17436	50685	56493	58575	58575	
jan.05	10013	27374	30321	31156	31156	17341	46919	51980	53399	53399	
Pst. endring	2,6	-0,5	-3,0	-4,3	-4,3	-0,5	-7,4	-8,0	-8,8	-8,8	
<b>Oslo</b>											
jan.04	6820	20460	30690	30690	34100	10230	30690	46035	46035	51150	
jan.05	8250	22000	30250	30250	30250	14025	37400	51425	51425	51425	
Pst. endring	21,0	7,5	-1,4	-1,4	-11,3	37,1	21,9	11,7	11,7	0,5	
<b>Hedmark</b>											
jan.04	26610	29564	29564	29564	29564	45832	50854	50854	50854	50854	
jan.05	28084	31295	31295	31295	31295	48111	53569	53569	53569	53569	
Pst. endring	5,5	5,9	5,9	5,9	5,9	5,0	5,3	5,3	5,3	5,3	
<b>Oppland</b>											
jan.04	30842	30842	30842	30842	30842	54388	54388	54388	54388	54388	
jan.05	31942	31942	31942	31942	31942	54812	54812	54812	54812	54812	
Pst. endring	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	
<b>Buskerud</b>											
jan.04	13159	22732	31027	34553	39027	22358	37188	49908	55196	61907	
jan.05	15113	26418	31660	31660	31660	25704	43132	50994	50994	50994	
Pst. endring	14,9	16,2	2,0	-8,4	-18,9	15,0	16,0	2,2	-7,6	-17,6	
<b>Vestfold</b>											
jan.04	12285	22229	28823	31092	31092	19533	35268	45320	48723	48723	
jan.05	11577	21924	30832	31130	31130	19640	35837	50011	50516	50516	
Pst. endring	-5,8	-1,4	7,0	0,1	0,1	0,5	1,6	10,3	3,7	3,7	

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>										
jan.04	9599	21665	25671	28522	28522	14882	32981	38990	43266	43266
jan.05	11317	26019	31216	31317	31317	18979	42797	51163	51313	51313
Pst. endring	17,9	20,1	21,6	9,8	9,8	27,5	29,8	31,2	18,6	18,6
<b>Aust-Agder</b>										
jan.04	13267	19046	29113	29113	29581	21525	30539	45830	45830	46625
jan.05	12526	17554	30505	30505	30505	21261	29809	51826	51826	51826
Pst. endring	-5,6	-7,8	4,8	4,8	3,1	-1,2	-2,4	13,1	13,1	11,2
<b>Vest-Agder</b>										
jan.04	16200	20741	29280	29434	29880	25941	33184	46819	47050	47720
jan.05	17449	22028	30459	30485	30485	29630	37364	51650	51689	51689
Pst. endring	7,7	6,2	4,0	3,6	2,0	14,2	12,6	10,3	9,9	8,3
<b>Rogaland</b>										
jan.04	7371	20438	28677	30957	32998	12581	35396	49805	53789	57361
jan.05	7890	16486	25404	30631	30631	13528	28117	43272	52156	52156
Pst. endring	7,0	-19,3	-11,4	-1,1	-7,2	7,5	-20,6	-13,1	-3,0	-9,1
<b>Hordaland</b>										
jan.04	12894	33846	33846	33846	33846	22052	60478	60478	60478	60478
jan.05	10566	30257	30257	30257	30257	17966	51440	51440	51440	51440
Pst. endring	-18,1	-10,6	-10,6	-10,6	-10,6	-18,5	-14,9	-14,9	-14,9	-14,9
<b>Sogn og Fjordane</b>										
jan.04	19435	29325	29325	31662	31662	31342	47481	47481	50987	50987
jan.05	19053	28692	28692	31029	31029	32568	48954	48954	52928	52928
Pst. endring	-2,0	-2,2	-2,2	-2,0	-2,0	3,9	3,1	3,1	3,8	3,8
<b>Møre og Romsdal</b>										
jan.04	31929	31929	31929	31929	31929	57336	57336	57336	57336	57336
jan.05	30667	30667	30667	30667	30667	52047	52047	52047	52047	52047
Pst. endring	-4,0	-4,0	-4,0	-4,0	-4,0	-9,2	-9,2	-9,2	-9,2	-9,2

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

		Årsbetaling, inkludert kostpengar									
Fylke		Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
		Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>											
jan.04	33637	34144	34330	34330	34330	58559	59321	59600	59600	59600	
jan.05	29750	30294	30294	30294	30294	50471	51395	51395	51395	51395	
Pst. endring	-11,6	-11,3	-11,8	-11,8	-11,8	-13,8	-13,4	-13,8	-13,8	-13,8	-13,8
<b>Nord-Trøndelag</b>											
jan.04	28876	28876	28876	28876	28876	48422	48422	48422	48422	48422	
jan.05	30814	30814	30814	30814	30814	52590	52590	52590	52590	52590	
Pst. endring	6,7	6,7	6,7	6,7	6,7	8,6	8,6	8,6	8,6	8,6	8,6
<b>Nordland</b>											
jan.04	29758	29758	29758	29758	29758	47812	47812	47812	47812	47812	
jan.05	30074	30074	30074	30074	30074	49643	49643	49643	49643	49643	
Pst. endring	1,1	1,1	1,1	1,1	1,1	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
<b>Troms</b>											
jan.04	29524	29524	29524	29524	29524	47365	47365	47365	47365	47365	
jan.05	30899	30899	30899	30899	30899	51795	51795	51795	51795	51795	
Pst. endring	4,7	4,7	4,7	4,7	4,7	9,4	9,4	9,4	9,4	9,4	9,4
<b>Finnmark</b>											
jan.04	24199	26580	30941	32529	37289	38099	41670	48212	50594	57734	
jan.05	30313	30313	30703	30703	30703	48305	48305	48969	48969	48969	
Pst. endring	25,3	14,0	-0,8	-5,6	-17,7	26,8	15,9	1,6	-3,2	-15,2	
<b>Heile landet</b>											
jan.04	16986	26648	30731	31529	32599	28401	44806	51131	52380	54019	
jan.05	17419	26667	30317	30844	30844	29497	45049	51156	52052	52052	
Pst. endring	2,6	0,1	-1,3	-2,2	-5,4	3,9	0,5	0,0	-0,6	-3,6	

**Tabell 2 c Gjennomsnittlige månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt**

	Månadssats, utan kost			Årsbetaling, inkludert kostpenger							
	Bruttoinntekt kr.			Eit barn, bruttoinntekt kr.							
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks	
<b>Heile landet</b>											
aug.04	1491	2330	2659	2708	2709	16964	26201	29804	30319	30326	28367
jan.05	1516	2358	2693	2743	2743	17419	26667	30317	30844	30844	29497
Pst. endring	1,7	1,2	1,3	1,3	1,3	2,7	1,8	1,7	1,7	1,7	4,0
											2,9
											2,9
											2,9

Tabell 3

**Østfold**

